

Ordenen mellom de medlemmer som hadde like mange stemmer, ble avgjort ved loddtrekning.

Presidenten: Melding om valget vil bli sendt til Lagtinget.

Ett av de valgte medlemmer av Lagtinget, representanten Valter Gabrielsen, er for tiden permittert. Presidenten foreslår at vararepresentanten, hr. Per A. Utsi, innvelges i Lagtinget under representanten Gabrielsens permisjon. — Det anses bifalt.

Presidenten foreslår at Stortinget nå avbryter sine forhandlinger for at avdelingene kan tre sammen og konstituere seg — og anser det for bifalt.

Møtet hevet kl. 13. 35.

Stortinget gjenopptok sine forhandlinger kl. 13.55.

I n g v a l d s e n inntok presidentplassen.

R e f e r a t :

1. (3) Lagtingets presidentskap melder at Lagtinget har konstituert seg og valgt embetsmenn.
2. (4) Odelstingets presidentskap melder at Odelstinget har konstituert seg og valgt embetsmenn.

Enst.: Nr. 1 og 2 vedlegges protokollen.

Presidenten: Norges 114. ordentlige Storting erklæres lovlig konstituert.

Presidenten foreslår at underretning herom sendes Kongen gjennom Regjeringens sjef, for at denne kan innhente Kongens bestemmelse om tiden for Stortingets åpning. — Det anses bifalt.

Tidspunktet vil senere bli slått opp på tavlene.

Presidenten ber om bemyndigelse til etter at Stortinget er erklært åpnet, og etter at trontalen og beretningen om rikets tilstand er overlevert, å utbringe det sedvanlige ønske for Kongen og fedrelandet. — Bemyndigelsen anses gitt.

Presidenten ber om Stortingets bemyndigelse til å oppnevne en deputasjon på 7 medlemmer til å motta Kongen ved Stortingets åpning. — Bemyndigelsen anses for gitt.

Som deputasjon oppnevnes:

Hallvard Eika, formann, Torstein Tynning, Nils Jacobsen, Bjarne Berg-Sæther, Asbjørn Sjøthun, Martin Buvik, Johan A. Vikan.

Presidenten ber videre om Stortingets be-

myndigelse for Presidentskapet til etter alminnelig praksis å utføre forskjellige forretninger som tilligger Presidentskapet, og foreslår:

Presidentskapet bemyndiges til å la oppta og redigere debattene i Stortinget og dets avdelinger i samsvar med den gitte instruks, samt til enhver tid å treffe de bestemmelser som måtte kreves i anledning av utgivelsen av Stortingstidende, innstillinger, dokumenter og lover. — Bemyndigelsen anses gitt.

S a k n r. 3.

Valg av medlemmer av Valgkomiteen

Presidenten: Dette valg foregår skriftlig.

Det er omdelt på representantenes plasser et forslag til medlemmer av valgkomiteen for 1969/70—1972/73. Dette forslag kan benyttes som stemmeseddel, og presidenten vil be representantene om å avgi stemme.

Stemmesedlene vil bli talt opp på kontoret, og resultatet vil bli meddelt ved oppslag og referert i et senere møte i Stortinget.

Fra Oslo Domprosti er kommet følgende brev:

«Til Stortingets presidentskap.

På Oslo biskops og egne vegne har jeg den ære og glede å innby Stortinget til høymessen i Oslo Domkirke søndag 12. oktober kl. 11.

Biskop. dr. theol. Fridtjov Birkeli forretter.

Oslo Domprosti, 29. september 1969.

Fredrik Knudsen.»

Presidenten anmoder de representanter som ønsker å overvære høymessen, om å samles i trappehallen i Stortingsbygningen søndag 12. oktober kl. 10.45, slik at man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Møtet hevet kl. 14.05.

Møte torsdag den 9. oktober kl. 13.

President: *I n g v a l d s e n*.

Åpning av det 114. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 114. ordentlige Storting ved dets åpning.

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Norge vil bidra til å styrke De Forente Nasjoners muligheter for å løse konflikter og gjennomføre fredsskapende tiltak. Norge har foreslått å styrke FN's og de internasjonale hjelpeorganisasjoners evne til å yte humanitær hjelp i katastrofesituasjoner og vil følge opp dette initiativ.

Utviklingen har vist at norsk deltakelse i den nord-atlantiske forsvarsorganisasjon fortsatt er nødvendig for Norges sikkerhet. Samtidig som Alliansens forsvarsevne opprettholdes, vil Norge sammen med sine allierte og andre land arbeide for forhandlinger som kan lede til en rettferdig og varig fred i Europa.

Norge vil innenfor FN og NATO arbeide for å fremme rustningskontroll og nedrustning.

Norge vil arbeide for friere handel og økonomisk samkvem mellom alle land. Norge vil videre bidra til å fremme utviklingslandenes utenrikshandel, for derved å søke å oppnå en raskere løsning av deres økonomiske problemer.

Regjeringen vil delta i bestrebelsene for å overvinne den europeiske markedsdeling. Samarbeidet innen EFTA vil bli søkt styrket og utvidet. I de videre forhandlinger om et utvidet økonomisk samarbeid i Norden vil Regjeringen gå inn for en løsning i samsvar med de målsettinger som ble fastlagt på statsministermøtet i København i 1968.

I samarbeid med andre skipsfartsland vil Norge fortsatt arbeide for fri konkurranse på like vilkår i internasjonal skipsfart.

Regjeringen har utarbeidet en rammeplan for de offentlige bistandsytelser til utviklingslandene som vil innebære en tredobling fra 1968 til 1973. Bidragene til de internasjonale programmer vil ligge på et høyt nivå, samtidig som det tas sikte på en relativt sterkere økning av den bilaterale bistand. Det arbeides med nye virkemidler for å stimulere økte private overføringer til utviklingsland, særlig investeringer.

Det vil bli opprettet et koordinerende råd for informasjon om Norge i utlandet.

Forsvarets virksomhet vil bygge på de retningslinjer som er trukket opp i langtidsplanen for 1969—73. Forberedelsene av den nye Forsvarets overkommando vil kreve en særlig

innsats. Det vil bli fremmet forslag om endringer i Forsvarets regionale organisasjon, og om en senking av aldersgrensen for befall.

Ved utformingen av Regjeringens politikk vil miljø- og trivselshensyn bli tillagt en sentral betydning.

Regjeringens økonomiske politikk tar sikte på en sterk og balansert vekst, arbeid for alle og en rettferdig inntektsfordeling. Det vil bli lagt vekt på at veksten skal komme alle grupper og distrikter til gode.

Statsbudsjettet og statsbankenes tilsagnsbudsjetter for 1970 er utformet i samsvar med langtidsprogrammet for 1970—73. I forbindelse med statsbudsjettet vil det bli lagt fram hovedtall for et langtidsbudsjett for fireårsperioden.

Omleggingen av skatte- og avgiftssystemet, herunder overgang til merverdiavgift, vil bli satt i verk fra 1. januar 1970 i samsvar med Stortingets vedtak i vårsesjonen 1968—69.

Det vil bli lagt vekt på å unngå at omleggingen av skattesystemet og pris- og inntektsoppgjørene skal føre til en uheldig utvikling i kostnader, priser og inntektsfordeling. Regjeringen vil på grunnlag av en utredning som foretas av Det tekniske beregningsutvalg, ta stilling til om skatteomleggingen vil medføre skjevheter som bør rettes opp.

Regjeringen tar sikte på å utvikle videre samarbeidet mellom myndighetene og organisasjonene om pris- og inntektspolitiske spørsmål.

Arbeidsformidlingen vil bli bygd ut og effektivisert. Yrkesopplæringen for voksne vil bli utvidet til nye felter. Det vil bli satt i verk særlige tiltak for å bedre sysselsettingsmulighetene for eldre og for kvinnelige arbeidssøkere.

Utvidet arbeidsløshetsstrygd for arbeidstakere over 65 år vil bli satt i verk.

Antall arbeidsplasser for funksjonshemmede i vernede bedrifter vil bli ytterligere utvidet. Reising av et nytt attføringsinstitutt i Oslo vil bli påbegynt.

I distriktpolitikken vil det bli lagt særlig vekt på tiltak som kan bidra til å styrke eksisterende og skape nye virksomheter i svakere utbygde distrikter. Spørsmålet om nye virkemidler i distriktsutbyggingen vil bli vurdert og lagt fram for Stortinget.

Lokaliseringsveiledningen vil bli styrket. Det foreslås gjennomført en omfattende utbygging av Statens teknologiske institutt og etablering av en særlig veiledningstjeneste for småindustri. Garantirammen for Selskapet for industrivekstanlegg vil bli foreslått utvidet.

Støtten til grunnlagsinvesteringer og kommunale utbyggingstiltak vil bli forhøyet.

Det vil bli lagt fram melding om prøvesentra og utviklingsområder og om innstillingene fra landsdelskomitéene for Østlandet, Vestlandet og Trøndelag.

Det vil bli oppnevnt en komité til nærmere utredning av spørsmålet om finansieringen av fylkeskommunene.

Kommunene vil få kompensasjon for virkningene av endringene i skattesystemet og vil dessuten i løpet av de første 3 år få en budsjettmessig avlastning på 250—300 mill. kroner, hvorav 170 mill. kroner i 1970.

Det vil bli fremlagt meldinger om norsk vegplan, om den videre utbygging av kortbaneflyplasser og om omlegging av Statsbanenes system for godstransport. I en melding om erfaringene med samferdselsloven av 1964 vil reguleringsordningene for innenlands transport bli tatt opp til ny vurdering.

Det vil bli lagt fram ny utbyggingsplan for Televerket.

Arbeidet med den ytre og indre rasjonalisering i jordbruket vil bli intensivert ved hjelp av midler fra jordbrukets rasjonaliseringsfond. Skogavvirkningen vil bli stimulert. Spørsmålet om utbygging av fylkesveger av betydning for skogsdriften vil bli tatt opp i en stortingsmelding.

Jordvernet vil bli styrket, blant annet ved opprettelse av et jordregister.

Det tas sikte på å legge spørsmålet om bygging av en sponplatefabrikk i Troms fram for Stortinget.

Spørsmålet om en ferieordning for jordbruks- og fiskeribefolkningen vil bli forelagt Stortinget.

Regjeringen vil både gjennom nasjonale tiltak og internasjonalt samarbeid søke å verne om naturressursene i havet. Arbeidet med å styrke den fiskeriteknologiske forskning og veiledningstjenesten vil bli gitt høy prioritet. Det vil bli lagt fram en melding om havforskningen.

Bevilgninger til høyere fiskeriutdanning vil bli foreslått.

Forslag til lov om den ordning som skal gjelde etter 31. oktober 1970 for trålerne adgang til å drive fiske innenfor fiskerigrensen vil bli fremmet.

En stortingsmelding vil komme om gjennomføringen av hovedavtalen m.v. for fiskerinæringen.

Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om retningslinjene for fremtidig norsk energipolitikk hvor blant annet spørsmålene om bygging av atomkraftverk, oljefyrte kraftverk og ny kraftkrevende industri vil bli vurdert. Det vil bli fremmet en proposisjon om prisfastsettelse for statskraft.

Det vil bli fremmet proposisjon om begren-

set bruk av tunge fyringsoljer, om ny bergverkslov og lov om mønsterbeskyttelse.

Undersøkelsene av malm- og mineralforekomster i Nord-Norge vil fortsette etter en oppsatt 5-årsplan.

Stortingsmelding om fremtidig norsk oljepolitikk og om utenlandske eierinteresser i norsk næringsliv vil bli fremlagt.

Spørsmålet om reklame i radio og fjernsyn og den plass disse massemedia bør ha i undervisning og voksenopplæring, vil bli vurdert i en melding til Stortinget.

Utdannelse av musikere på høyskolenivå er under forberedelse.

Det vil bli lagt fram en melding om reform av gymnaset og forslag om en felles lov om eksamener og akademiske grader ved universiteter og høyskoler.

Spørsmålet om en lov for voksenopplæring ved de offentlige skolene, innenfor næringslivet og i de frie opplysningsorganisasjonene vil bli utredet.

Det vil komme forslag til lov om lærerutdanning og om bibliotekstjenesten.

Arbeidet med en revisjon av presteutdannelsen blir ført videre.

Folketrygdens grunnbeløp vil som følge av pris- og inntektsutviklingen bli forhøyet fra 1. januar 1970. Videre vil det bli foreslått et tillegg for å oppveie virkningene av skatteomleggingen.

Pensjonene i skogsarbeidertrygden vil bli betydelig økt.

Forslag om visse endringer i ordningen med sært tillegg til folketrygden og om adgang til økt bruk av trygdemidler til fordel for funksjonshemmede vil bli lagt fram.

Spørsmålet om obligatorisk sykepengetrygd for selvstendige yrkesutøvere vil bli forelagt Stortinget.

Den offentlige innsats i kampen mot misbruk av narkotika vil bli forsterket.

Stortinget vil få en melding om verneskolen.

Spørsmålet om større innsats i det sosiale hjelpearbeid for mødre og barn og visse endringer i loven om svangerskapsavbrudd vil bli tatt opp.

Det vil bli foreslått større statstilskudd til opprettelse og drift av familievernkontorer.

Det vil bli lagt fram melding om visse spørsmål vedkommende avtjeningen av sivil tjenestetilskudd.

På grunnlag av innstillingen fra Mellbyeutvalget vil spørsmål vedkommende den forebyggende sikkerhetstjeneste bli lagt fram for Stortinget.

Redningstjenesten til sjøs vil bli foreslått styrket.

Boligbyggingen vil fortsatt bli gitt høy prio-

ritet. Det vil bli lagt stor vekt på tiltak som kan øke tilgangen på byggeklare tomter og fremme bedre boligmiljøer.

Det vil bli gjennomført en ordning med finansiering i Husbanken av innskuddsfrie boliger og fremmet proposisjon om avdragsordningen for eldre husbanklån.

Byggeløyveordningen for aldershjem og pleiehjem vil bli opphevet.

Det tas sikte på å legge fram forslag til ny lov om regulering av husleier.

For å bevare naturmiljøet vil planleggingen for friluftsliv- og naturvernformål bli ført videre, og arbeidet med sikring og fredning av slike områder vil bli tillagt stor vekt.

Forslag om større innsats i vannforskningen vil bli fremsatt.

Spørsmålet om grunnutnyttningen i våre fjellområder og langs elver, sjøer og vann vil bli nærmere utredet.

Det vil bli fremmet proposisjon til ny lov om strandområder ved sjøen.

Utredning med sikte på en felles lov om friluftsliv og naturvern og samordning og styrking av administrasjonsapparatet vil bli tatt opp.

De lovproposisjoner som ble fremsatt for Stortinget 1968—69, men ikke tatt opp til behandling, vil bli fremmet på nytt. Det gjelder blant annet forslag til lover om naturvern og vannforurensning, håndverksnæringen, offentlighet i forvaltningen og om tilskudd til private skoler. Stortingsproposisjoner og meldinger som ikke ble behandlet av forrige Storting vil bli opprettholdt, blant annet melding om språksaken og om forsøksvirksomheten i skoleverket.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 114. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida ettersiste melding, *lesen av statsråd Vårvik*.

Vi OLAV, Norges konge
gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har halde fram med å engasjere seg aktivt i det politiske, økonomiske, sosiale og humanitære samarbeidet i Dei sameinte Nasjonane og i andre samarbeidsorganisasjonar som Noreg er medlem av. Det er lagt særleg vekt på å styrkje dei vilkår FN har til å løyse konflikhtar og å gjennomføre fredsvernande tiltak. Norske styrkar står til rådvelde for FN til slike oppdrag.

Noreg har halde fram med å ta aktivt del i arbeidet i Atlanterhavspaktorganisasjonen med sikte på å tryggje medlemslanda og på dette grunnlaget hjelpe til å skape føresetnad for varig avspenning og fred. 24. august 1969 var det 20 år sidan Atlanterhavspakta tok til å gjelde. Frå denne datoen har medlemslanda høve til å seie opp pakta med eitt års varsel. Ikkje noko medlemsland har gitt uttrykk for at det vil forlate alliansen.

I mai sa den finske regjeringa seg budd til å stå som vert for ein eventuell europeisk tryggingskonferanse. Noreg har helsa dette initiativet velkomme. Ein konferanse om europeiske tryggingsspørsmål, som er vel førebudd og tilrettelagd og der Sambandsstatane og Canada er med frå byrjinga av, vil kunne føre til ei utvikling fram mot ei løysing av dei grunnleggjande tryggingproblema i Europa og Atlanterhavsområdet.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet med rustningskontroll og nedrustning innan FN og NATO-organa. Noreg ratifiserte 5. februar traktaten om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen. Noreg har også engasjert seg aktivt i arbeidet for ein rustningskontrollavtale for havbotnområda. Ein deteksjonsseismologisk stasjon til å registrere og identifisere underjordiske ristingar, bl. a. atomsprengingar, er under bygging på Austlandet. Noreg freistar på denne måten å yte eit konstruktivt tilskott til arbeidet for å få i stand ein fullstendig prøvestansavtale.

Sidan sommaren 1968 har Noreg og dei andre nordiske landa fleire gonger vendt seg på diplomatisk veg til partane i borgarkrigen i Nigeria med sikte på å sikre framføringa av hjelpeforsyningane til det naudlidande sivilfolket og å påverke partane til tingingar. Noreg har òg sagt seg reie til å hjelpe til med å formidle kontakt og tingingar mellom partane. Noreg har dessutan sagt seg budd til å stille observatørar og deltakarar i kontrollstyrkar til rådvelde både i samband med hjelpearbeidet og ved ei eventuell våpenkvild og ei etterfølgjande fredsslutning. Frå norsk side har ein arbeid for å få konflikten fram for FN, men har mått konstatere at slike framlegg ikkje vil få den stønad som trengst.

På FN's Generalforsamling (hausten 1968 og på Den Internasjonale Raudekross-konferansen i Istanbul i september i år føreslo Noreg å setje FN og hjelpeorganisasjonane betre i stand til å yte humanitær hjelp i katastrofesituasjonar. På Raudekross-konferansen vart det vedteke ei prinsippfråsegn som legg grunnlaget for å nå fram til forplikande avtalar på dette feltet.

I samsvar med den holdning som landet vårt tradisjonelt har hatt til internasjonalt

humanitært hjelpearbeid, har Noreg ytt relativt store tilskott både gjennom internasjonale og norske organisasjonar. Den norske statlege innsatsen for å hjelpe ofra frå borgarkrigen i Nigeria/Biafra utgjer no om lag 68 mill. kroner. Noreg har òg ytt humanitær og anna hjelp til flyktningearbeidet, særleg i Midt-Austen og Afrika.

I samsvar med dei retningslinjer som Stortinget vedtok i 1968, har Noregs hjelp til utviklingslanda auka sterkt. Samstundes er det teke i bruk nye hjelpeformer og verkemiddel. Utviklingshjelp står dermed fram som ei høgt prioritert nasjonal oppgåve. I tillegg til å auke dei offentlege løyvingane, arbeider regjeringa vidare med nye tiltak for å stimulere private overføringar til utviklingslanda, særleg investeringar.

Den tosidige verksemda i Aust-Afrika har vorte utbygd. I tillegg til Kenya, Tanzania og Uganda vil verksemda i 1969 også omfatte Zambia og Madagaskar. Det er vedteke å gå saman med Danmark om å finansiere utbygging av skolar i Tanzania. Eit nytt felles nordisk landbruksprosjekt i Tanzania er under planlegging. På det indiske sub-kontinentet er hjelpa utvida til å omfatte Pakistan, som vil få kunstgjødsel for 36 mill. kroner over ein 3-årsperiode. Hovudvekta av den tosidige hjelpa blir lagd på fagleg hjelp innanfor tradisjonelle og nye fagområde, bl.a. hamneutbygging og på einskilde avgrensa støttetiltak for familieplanlegging. Den finansielle stønaden har auka, og varehjelp er innført som ny støtteform. Det er ytt eit nytt lån til Tyrkia.

Det meste av dei fleirsidige tilskotta går framleis til FN's Utviklingsprogram og Det internasjonale utviklingsfondet.

Noregs regulære tilskott til Verdas Matvareprogram i perioden 1969—70 er på 22 mill. kroner, som hovudsakleg blir levert i form av fiskeprodukt. I år er det dessutan gjeve eit ekstratilskott i form av tørrfisk til ein verdi av 10 mill. kroner. Noreg har oppfylt sin skyldnad under den nye konvensjonen om matvarehjelp, ved å gje kontanttilskott og ved å levere mjøl til ein samla sum på 8 mill. kroner.

Noreg ratifiserte Den internasjonale kaffiavtalen 23. desember 1968.

Både på det tosidige og fleirsidige planet har Noreg arbeidd vidare for å styrkje det handelspolitiske samarbeidet i Europa og for å skape friare konkurranseforhold i verdshandelen.

Det utgreiingsarbeidet om eit utvida økonomisk samarbeid i Norden som vart igangsett av dei nordiske statsministrane i København 22.—23. april 1968, er no fullført. Det nordiske embetsmannsutvalet har gjeve to rapportar og

har òg utarbeidd utkast til traktat om skiping av ein organisasjon for nordisk økonomisk samarbeid.

Arbeidet for å styrkje og utvikle EFTA-samarbeidet har halde fram i samsvar med det arbeidsprogrammet som vart vedteke etter nordisk initiativ i 1968.

Noreg har halde nær kontakt med medlemslanda i EEC og kommisjonen i Brussel med sikte på å følgje arbeidet med å finne ei løysing på marknadsproblema i Europa og å drøfte konkrete samhandelsproblem som følgjer av marknadskløyvinga.

Den internasjonale skipsfartspolitiske utviklinga krev auka innsats for å hindre at det blir gjennomført nye restriksjonar mot fri internasjonal skipsfart. Noreg er aktivt med i dette arbeidet.

Samarbeidet med utviklingslanda om å løyse deira økonomiske og sosiale problem har fått ein stadig breiare plass i alt mellomfolkeleg samarbeid. I FN's Konferanse for handel og utvikling (UNCTAD) har Noreg teke aktivt del i samarbeidet om handelspolitikk og finansieringsspørsmål i arbeidsprogrammet for 2. utviklingstiår (1971—80).

Innan romteknologien er eit omfattande internasjonalt samarbeid i emning. Noreg vil framleis delta aktivt for å kunne følgje med i den teknologiske utviklinga og freiste å utnytte dei vilkår norsk industri har for leveransar til internasjonale prosjekt.

Noreg driv stadig ei allsidig informasjonsverksemd i utlandet om norsk samfunnsliv og kultur og legg vinn på å fremje samarbeid og kontaktar med andre land på det kulturelle området. Viktige tiltak i denne samanhengen er tosidige kulturavtalar og samarbeidsprogram med i alt 21 land. Det internasjonale samarbeidet innanfor ramma av UNESCO, Europarådet, Nordisk Råd og andre organisasjonar er i stendig vokster.

Den klaga som Noreg, Danmark og Sverige har ført fram mot Hellas for Den europeiske menneskerettskommisjonen, er enno under førehaving.

Utviklinga i Forsvaret følgjer dei hovudretningslinjene som er dregne opp for åra 1969—73. Ved hjelp av rasjonaliseringstiltak har ein greidd å halde driftsutgiftene nede. Talet på tilsette i Forsvaret er såleis på veg nedover. Det har ført til at ein større del av løyvingane kan gå til kjøp av materiell.

Dette året har Forsvaret m.a. fått nye maritime fly og transportfly. Hæren har fått dei første leveringane av stridsvogner og sjølvdreve artilleri. Det er slutta fleire nye kontraktar om utvikling og produksjon av materiell, særleg til luftforsvarsformål.

Arbeidet med å leggje om det øvste organi-

sasjonssjiktet i Forsvaret er i full gang. Reisinga av nytt administrasjonsbygg på Huseby for Forsvarsdepartementet og den nye Forsvarets overkommando går etter framdriftsplanen.

Personellet ved FN-bataljonen har hatt repletisjonsøving, nokre avdelingar i 1968 og resten i 1969.

Folkemengda var 3 860 000 pr. 1. oktober 1969, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har hittil i år utvikla seg gunstigare enn i same tidsrom i fjor. Veksten i sysselsetjinga har auka sterkt, og arbeidsløysa som i 1. kvartal i år var noko høgre enn i same kvartalet i fjor, var i 2. kvartal litt lågare enn i same perioden året før. Sidan årsskiftet har det vore klar nedgang i talet på personar som er råka av driftsinnskrenkingar som er melde til arbeidsformidlinga.

Det er særleg sysselsetjinga av menn som har stige sterkare enn i fjor. Men også for kvinner har veksten i sysselsetjinga auka, og den er framleis prosentvis større enn for menn. Dette kjem særleg av den stadig sterkare veksttakten i dei fleste tenesteytande næringane.

I første og andre kvartalet var det gjennomsnittleg 10 750 og 18 650 fleire sysselsette lønnstakarar enn eit år tidlegare, medan tilsvarende vekst i dei same kvartala i fjor var 16 800 og 12 900. Ved utgangen av august i år var det sysselsett 26 000 fleire lønnstakarar enn for eitt år sidan, og registrert 674 færre ledige. Auken i sysselsetjinga fall særleg på dei tenesteytande næringane under eitt, men var òg stor for sekundærnæringane, særleg industri. Monaleg nedgang var det i utanriks sjøfart og i primærnæringane.

I første halvåret var i alt 89 verksemder og 2 441 personar råka av driftsinnskrenkingar som vart registrerte ved arbeidsformidlinga, mot 152 verksemder og 5 677 personar i første halvåret i fjor. Driftsinnskrenkingane i år galdt særleg kledevarerindustri, treforedlingsindustri og jord- og steinvareindustri, og skjedde i første rekkje i Møre og Romsdal, Rogaland og Østfold.

Den samla produksjonen av varer og tenester var etter førebels utrekningar for første halvår i år 3,6 prosent større enn i tilsvarende periode i fjor.

Oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utan skip i dei sju første månadene av 1969 var 10,7 milliardar kroner eller om lag 1 300 mill. kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdet av utførsla, den òg rekna utan skip, gjekk i same periode opp med om lag 1 000 mill.

kroner til 7,7 milliardar kroner. I januar—juli 1968 var det ei nettoinnførsle av skip på 675 mill. kroner, medan det for same tidsrom i 1969 var ei nettoutførsle på 762 mill. kroner.

Innførslevolumet auka med 12 prosent, medan utførslevolumet steig med 14 prosent frå januar—juli i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same perioden opp med 1,5 prosent og for utførte varer med 0,8 prosent.

I dei sju første månadane i året var nettovalutafraktene av norske skip i utanriksfart 3 260 mill. kroner, eller 490 mill. kroner mindre enn i same perioden i fjor. Det var i januar—juli i år eit overskott på driftsrekneskapen med utlandet på 1 060 mill. kroner mot eit overskott på 610 mill. kroner i dei sju første månadene i 1968. I perioden januar—juli var det netto utgang av langsiktig kapital på 1 082 mill. kroner og netto inngang av kort-siktig kapital på 22 mill. kroner. Den totale gull- og valutamengde har gått ned med 60 mill. kroner sidan årsskiftet.

I jordbruket var vår og vokstervilkår skiftande i 1969. Til dels gjorde tørken skade. Ein reknar alt i alt med monaleg dårlegare avlingar enn i det gode avlingsåret i fjor. Ein ventar at dei varmekrevjande hagevekstrane vil gje bra avlingar. For husdyrproduksjonen reknar ein med vidare moderat auke.

I skogbruket vart det avverka 6,7 mill. m³ til sal og industriell produksjon i driftsåret 1967—68. Førebels oppgåver for driftsåret 1968—69 viser ein auke i avverkinga på 11 prosent frå sesongen før.

Utbyttet av fisket var i første halvdel av året om lag 1,1 mill. tonn mot 1,4 mill. tonn i same periode i fjor. Betre prisar bl.a. på råstoff til sildemjølindustrien førte til at nedgangen i førstehandsverdet vart relativt mindre, frå 480 mill. kroner i første halvår 1968 til 465 mill. kroner i same perioden i år.

Eksporten av fisk og fiskevarer har i perioden bydd på mange problem, men har for dei fleste produkt etter kvart fått ei nokolunde tilfredsstillande utvikling. For tørrfiskeksporten til Afrika er stillinga framleis vanskeleg.

I kvalfangsten i Antarktis var ingen norske kokeri med i sesongen 1968—69.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei 7 første månadene av året vel 4 prosent større enn i same perioden i 1968. Stinginga var 10 prosent i bergverksdrift, 4,5 prosent i industri og 2 prosent i kraftforsyning.

Samanlikna med dei 7 første månadene av 1968 auka eksportvareproduksjonen med 9 prosent, konsumvareproduksjonen med 3 prosent og investeringsvareproduksjonen med 2

prosent. Produksjonen av varer til bygg og anlegg og produksjonen av varer til vareinn-sats elles auka begge med 4 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1968 var 60,0 milliardar kWh. I dei 7 første månadene i år var produksjonen 34,3 milliardar kWh, mot 33,9 milliardar i same tidsrom i fjor. Magasin-fyllinga er i haust mykje dårlegare enn på same tid i fjor. Utbygginga av overførings- og samkjøringslinjer har halde fram i same tempo som tidlegare.

Byggjeverksemda har i dei åtte første månadene vore større enn i fjor.

I perioden januar til august vart det sett i arbeid ca. 22 000 husvære. Det er 3 850 fleire enn i tilsvarande tidsrom i fjor. I same peri-oden vart det fullført 20 114 husvære. Det er 275 fleire enn i same perioden i fjor.

For andre bygg enn bustader og landbruks-bygg vart det i perioden januar—august sett i gang byggjearbeid med ca. 1,3 mill. m² golv-plate eller 28 prosent meir enn i tilsvarande tidsrom i 1968, medan det vart fullført om lag 1,4 mill. m² golvflate som er 7 prosent meir enn i same perioden i 1968.

Talet på sysselsette lønnstakarar i byggje-verksemda låg i første kvartal i år under ni-vået i første kvartal 1968, men har seinare auka sterkare enn i fjor og låg ved utgangen av august 2 prosent høgre enn eitt år tidlega-re.

Anleggsverksemda har for tida januar til august vore større enn i tilsvaran-de periode i 1968. Talet på sysselsette låg her gjennomsnittleg 825, eller ca. 2,4 prosent høgre enn i fjor. Ein vesentleg del av denne auken kjem av auke i offentlege investerin-gar.

Tonnasjen i handelsflåten gjekk ned med om lag 700 000 bruttotonn i første halv-del av 1969, og var på 18,4 mill. bruttotonn ved utgangen av juni i år. Tanktonnasjen gjekk ned med 498 000 bruttotonn i første halvår.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanland-ske verkstader skip på til saman 5,2 mill. bruttotonn, dvs. ein auke på 2,5 mill. brutto-tonn frå same tid i fjor.

For tørrelastskip var fraktene på verdsmark-naden noko lågare i første halvår enn eitt år tidlegare. Tankratene låg i same perioden my-kje lågare enn året før.

Ved utgangen av august låg 9 tørrelastskip på til saman 21 000 bruttotonn og 3 tankskip på til saman 23 000 bruttotonn i opplag.

Trafikken innanland veks, og særleg sterk er veksten i vegtransport- og lufttrans-port.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen

av 1968 på 69 600 km. Ca. 16 600 km offent-leg veg hadde fått oljegrusdekke eller fast dekke. Av riksvegnettet kunne 15 900 km eller vel 67 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på inntil 7 tonn, og på 10 200 km eller 43 prosent var 8 tonn akseltrykk tillate. Nye ferjer og ferjesamband, nye bru-er og forsterking av bru-er på hovudrutene hjelper til å knyte vegnettet betre saman.

Bilparken var ved siste årsskiftet på i alt 762 600 vogner. Dette er ein auke på 7 prosent frå året før, men vekstraten er minkande. Den kraftige auken i mengda av tunge laste-bilar held fram. I dei første 8 månadene vart det registrert nær 73 000 nye bilar. Dette er ca. 18 400 fleire bilar enn i same tidsrom i 1968.

Vegtrafikken auka med om lag 8 prosent frå 1967 til 1968. Dette svarar til den gjen-nomsnittlege årlege trafikkauken i perioden 1965—68.

Ferjetrafikken blir driven med ca. 200 far-ty med ein samla kapasitet på vel 3 700 per-sonbilplassar.

Den marknadsdel Statsbanene har i gods-trafikken har halde seg godt oppe, medan det har vore monaleg nedgang for persontrafikk-en. Statsbanene transporterte i fjor 30,4 mill. personar. Dette var ein nedgang på 2 mill. passasjerar frå året før. I første halvår gjekk passasjertalet endå meir ned i forhold til sa-me tidsrom i 1968. Godsmengda, utanom dei spesielle malmtransportane, auka i 1968 med 2,2 prosent. Malmtransportane på Ofotbana auka med 23 prosent i 1968. I første halvår 1969 har godstransportar med Statsbanene sti-ge enda meir. Den gjennomsnittlege transport-lengda for godset aukar. Det same gjeld gjen-nomsnittleg reiselengd.

Det har ikkje vore råd å kompensere kost-nadsstiginga fullt ut med auka takstar eller auka trafikk. Underskottet ved Statsbanene har derfor vist tendens til å auke og utgjorde i 1968 273 mill. kroner.

Både det innanlandske og det internasio-nale luftrutenettet har vorte utbygd med nye ruter, auka frekvensar og større og snøggare fly. Det er framleis ei sterk stiging i flytra-fikken, men stiginga var ikkje så sterk i 1968 som i åra før. På dei innanlandske flyrutene steig passasjertalet med 10 prosent frå 1967 til 1968. På dei internasjonale rutene auka passasjertalet med 8 prosent. Hittil i år har trafikkauken lege på same nivå som i fjor.

Verksemda i dei ymse trafikkgreinene i Te-leverket auka i 1968, bortsett frå telegram-trafikken som lenge har gått nedover. Talet på automatiske rikstelefonamtaler og teleks-krivingar viser framleis sterk stiging. Om lag 95 prosent av den utgåande rikstelefon-

1969. 9. okt. — Åpning av det 114. ordentlige Storting.

trafikken blir nå avvikla utan ventetid. Av den samla innanlandske rikstelefontrafikken vart 34 prosent avvikla automatisk i 1968. Ved utgangen av året var det installert vel 1 mill. telefonapparat ved telefonanlegga og tilknytingsnetta til Televerket. Dette er ein auke på 5,5 prosent frå 1967. Telefontettleiken er kommen opp i 27 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 81,6 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefonsentralar. Ventelistene på telefon var i sommar komne ned i ca. 11 500. Ein reknar ikkje med meir nedgang i år.

Trafikken i Postverket aukar. Talet på bokførte sendingar steig med 3,5 prosent og talet på brevpostsendingar med 1,5 prosent frå 1967 til 1968. Posttrafikken er etter kvart konsentrert til færre og større poststader og blir i dag driven frå knapt 3 900 poststader. Det blir arbeidd med eit opplegg for overgang til stasjonær postsortering ved større sorteringssentra. Opplegget byggjer på det nye postnummersystemet som vart innført i fjor.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei første 8 månadene i året 3 prosent høgre enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august har indeksen vist ei stiging på 1,7 prosent.

For å møte faren for at avgiftsauken frå 1. januar 1970 skal føre til ugrunna prispålegg i ein overgangsperiode, vart det med verknad frå 22. september fastsett mellombels forbod mot å auke leverandørregulerte prisar, og mellombels prisstopp for einskilde varige forbruksvarer. For elektrisk kraft vart det fastsett prisstopp med verknad frå 1. august.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei 8 første månadene i året 2,7 prosent høgre enn i tilsvarende periode året før.

For utviklinga i dei private inntektene har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønns- og takarinntektene før skatt, rekna pr. årsverk vil bli ca. 5,5 prosent større i år enn i 1968. Den private disponible realinntekta vil, så langt ein no kan dømme om det, auke med 3—4 prosent frå i fjor.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar vel 5 prosent større enn i tilsvarende periode i fjor. Det er rekna med at den prisstiginga ein ventar i 1970 som ei følgd av skatteomlegginga, vil føre til forserte kjøp i 1969. Held ein denne verknaden utanfor, reknar ein for heile 1969 med ein auke i høve til 1968 på 5 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast real-

kapital gjekk ned med vel 10 prosent frå første halvår i fjor til første halvår i år. Bruttoinvesteringane i skip gjekk ned til om lag det halve, medan det for bruttoinvesteringar i fast realkapital utanom skip var ein volumauke på snautt 4 prosent frå første halvår 1968 til første halvår 1969.

Kredittpolitikken i 1969 har i stor mon bygd på bruken av kredittlova og på ein spesiell avtale med livstrygdelaga. Auken i utlåna til næringslivet, kommunar og privatpersonar frå innanlandske kredittinstitusjonar har hittil i år vore monaleg større enn i 1968. Opplåninga i utlandet har vore mindre enn i fjor.

Finanspolitikken ved staten og Noregs Banks verksemd har hittil i år ført til ei noko større likviditetsinndraging frå bankar og publikum enn i 1968. Samstundes har statens opptak av obligasjonslån vore mykje lågare enn i fjor.

For å skaffe nok midlar til statsbankane og til andre langsiktige investeringar som blir finansierte over obligasjonsmarknaden, er § 9 i kredittlova sett i verk frå 1. oktober 1969. I samband med det vart renta på nye partialobligasjonslån oppjustert, og Noregs Banks diskonto vart heva frå 3,5 prosent til 4,5 prosent.

Rasjonaliseringsarbeidet i den sentrale og lokale statsforvaltninga er styrkt. Arbeidet med å utdanne tenestemenn til rasjonaliseringsarbeid er utvida. Det blir lagt stor vekt på prosjekt av verde for heile eller store delar av statsforvaltninga, så som innføring av elektronisk databehandling, programbudsjettering og statens innkjøpsverksemd.

Vidare-utdanninga av statens tenestemenn er noko omlagd, bl. a. ved at det i større mon enn før har vorte arrangert kurs for tenestemennene i distrikta utanfor Oslo-området. Den 1-årige saksbehandlaropplæringa for tenestemenn utan høgre utdanning, er no utvida, slik at det no er kurs både i Oslo og Bergen.

Den kommunale aktiviteten er stor. På grunn av dei store krav som blir sette til kommunane på ymse område, og som ei følgd av at driftsutgiftene har auka, er kommunane framleis under sterkt økonomisk press. I år nyttar 430 av dei 451 kommunane i landet strengaste skattlegging, skattøre 19 og tabell 1. I budsjettåret 1970 vil det bli brukt 302 mill. kroner til kommunal skatteutjamning og ca. 160 mill. kroner som tilskott til vegutgiftene i fylka. I samhøve med stortingsvedtak 16. juni 1969 vil kommunesektoren dessutan

i same budsjettåret få ei budsjettavlasting på 170 mill. kroner. Verknaden av endringa i skattesystemet blir kompensert ved særskilde tilskott.

Arbeidet med region- og generalplanlegging held fram i auka omfang.

Arbeidet med planlegging av område til friluftsliv og verneverdige naturområder er ført vidare.

Ei rekkje større og mindre område er sikra til allmenne friluftsområde. Gutulia i Engerdal er freda til nasjonalpark.

Distriktenes utbyggingsfond gav i fjor tilsegn om lån og garantiar for i alt 245 mill. kroner mot 218 mill. kroner i 1967. Talet for første halvår 1969 var 152 mill. kroner. Til flytting av verksemdar, til spesiell opplæring og til nystarting vart det i 1968 gjeve tilsegn om tilskott for i alt 5,5 mill. kroner mot 3,1 mill. kroner i 1967. Lova om Distriktenes utbyggingsfond er endra slik at det er blitt utvida høve til å gje tilskott til å dekkje nystartingskostnader.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA), som vart skipa ved stortingsvedtak 11. januar 1968, har teke til med verksemda. Dei 5 første stader der det skal plasserast industrivekstanlegg — eitt i kvar landslut —, er utpeikte, og på to av stadene (Risør og Verdal) er dei første industrihallene tekne i bruk.

Lov om særlege skattereglar til å fremje distriktsutbygging vart vedteken 19. juni 1969 med verknad frå og med inntektsåret 1969.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå 1. januar auka frå kr. 5 900 til kr. 6 400.

Ved lov av 19. juni vart det frå 1. juli innført eit særtillegg for pensjonistar som anten ikkje får eller berre får ein liten tilleggspensjon frå folketrygda. Fullt særtillegg utgjer 7,5 prosent av grunnbeløpet i folketrygda.

Pensjonane frå Pensjonstrygda for fiskarar er auka frå 1. juni slik at fullpensjon ved 1500 premieveker utgjer kr. 6 600 for året, medrekna tillegg etter støtteavtale for fiskerieringa.

Det er gjeve reglar om tilpassing av Pensjonstrygda for sjømenn til folketrygda, nye reglar om minste fartstid for rett til pensjon ved krigssegling, om ventetillegg, om uttak av pensjon før fylte 60 år m. m. Dessutan vart løpende pensjonar auka med 20 prosent.

Pensjonar frå Pensjonsordninga for apoteketaten vart i desember i fjor auka frå 1. januar 1968, og Kongen har fått fullmakt til å auke dei meir seinare.

Ordninga med statstilskott til den kommunale sosiale administrasjonen er frå 1. januar utvida til å omfatte også dei kommunar som ikkje har plikt til å skipe sosialkontor. Vil-

kåret er at desse kommunane har eit sekretariat som fyller visse krav.

Talet på kommunale sosialkontor har frå 1965 til utgangen av 1968 auka frå 209 til 311.

Departementet har fastsett at det innan 1. januar 1970 skal vere skipa sosialkontor i alle kommunar med meir enn 3 000 innbyggjarar.

Etatsopplæringa for kommunale sosiale teneestemenn er utvida.

Stilling som sosialkonsulent er som ei prøveordning oppretta i to fylke.

Det blir lagt stadig større vekt på forskning i sosialektoren, og det er i det siste året sett i gang ei rekkje undersøkingar omkring ulike sosiale problem. Det gjeld t. d. lagnaden til krigssegjarane, miljø- og trivselsforhold hos dei eldre, situasjonen til dei ufullstendige familiane, og undersøkingar med sikte på å kartleggje den løynde nauda i samfunnet.

Departementet har fastsett føresegrer om offentlig tilsyn med aldersheimar.

Ved utgangen av 1967 var i alt 8 740 born under vernetiltak av barnevernsnemndene, av dei 5 309 born under omsorg. Det er ein kjenneleg skort på behandlingstilstandar for born og unge med åtferdsvanskar. Rettstrygda i barnevernet er styrkt ved at tvangsvedtak i barnevernsnemndene frå 1970 kan ankast inn for domstolane.

Alkoholforbruket var i 1968 4,32 liter — omrekna i rein alkohol og rekna i medeltal pr. innbyggjar som er 15 år og eldre — mot 4,08 liter i 1967. Talet på drukkenskapsmisferder var i 1968 37 085 mot 37 678 i 1967. Pr. 1 000 innbyggjarar (15 år og eldre) blir dette 12,9 misferder i 1968 mot 13,3 i 1967. I første halvår 1969 var talet på drukkenskapsmisferder 17 541 mot 18 074 i 1. halvår i 1968, dvs. ein nedgang på 2,9 prosent. Statens edruskapsdirektorat tok til med verksemda 1. januar 1969. Direktoratet har til oppgåve å fremje opplysning og undervisning om alkoholspørsmålet og narkomaniproblemet, rettleie edruskapsnemndene og vere rådgjevar for offentlege institusjonar i edruskapsspørsmål.

Den allmenne helsetilstanden må seiast å vere tilfredsstillande. Det har i året ikkje vore faranger av farlege, smittsame sjukdommar.

Tiltak med sikte på å førebyggje erythroblastosis foetalis hos nyfødde (Rh-sjukdom) er sett i gang, sameleis tiltak for å førebyggje verknader av blødersjukdom. Med Rikshospitalet som sentral institusjon er det sett i verk eit landsomfattande program med sikte på å diagnostisere Føllings sjukdom hos nyfødde tidlegare og sikrere enn før.

Det nye Statens rettstoksiologiske institutt skal ved sida av å analysere blodprøver frå motorvognkjørarar som er mistenkte for kjøring i påverka tilstand, også analysere andre

prøver — blant anna blodprøver med sikte på narkotiske stoff — etter oppdrag frå påtalemakta.

For å avhjelpe skorten på kvalifisert, medisinsk hjelpepersonell, er det ved Rikshospitalet skipa ein Statens Fysiokjemikarskole.

Den generelle lækjarmangelen råkar framleis i første rekkje helsetenesta utanfor anstalt, med di dei aller fleste nye lækjarane søker sjukehusstillingar. Avgangen frå allmenpraksis er derfor stadig sterkt kjenneleg, og talet på ledige offentlege lækjarstillingar har halde seg på same nivå som i dei 3—4 føregåande åra. Sett under eitt synest kystdistrikta å vere komne i ei vandare stode enn før, og særleg gjeld dette Nordland fylke.

Den allmenne tannlækjarmangelen i landet har ført til at det stadig sviktar i rekrutteringa til offentlege tannlækjarstillingar slik at det har vore naudsynt å halde oppe enno i opptil 2 år høve til å beordre nyuteksaminerte tannlækjarar. Arbeid er i gang med å førebu tiltak for å betre rekrutteringa ved friviljug søknad og dermed gjere siviltenesta overflødig.

I omsorga for fysisk funksjonshemma er det lagt stor vekt på tiltak som gjer det mogleg for dei funksjonshemma å halde fram å arbeide i det miljø dei er vane med. I omsorga for dei psykisk funksjonshemma er det vidare arbeidd med tiltak som legg tilhøva betre til rette for at grupper av desse funksjonshemma skal få utfalde seg i idrett og friluftsliv. Det er skipa eit interpartementalt utval og eit råd for dei funksjonshemma. Begge har teke opp arbeidet i 1969.

Lov om psykisk helsevern er endra slik at dei same økonomiske prinsipp som sjukehuslova instituerer for finansiering og drift av sjukehus m. m., også blir gjennomførte ved institusjonar og private pleiestader under psykisk helsevern. Ved eit tillegg til tvistemålslova er det gjeve reglar om overprøving ved domstolane av tvangsinngrep etter helselovgjevinga. Den sterke utbygginga av institusjonar innan åndsveikeomsorga og det psykiske helsevernet har halde fram, dels med sikte på utviding av kapasiteten, dels for å gje plass for undervisning, arbeidstrening og fysisk og sosial aktivitet.

Narkotikamisbruket gjev framleis grunn til uro. Eit omfattande opplysningsarbeid blir drive alle stader der problemet ser ut til å vere aktuelt og det blir gjort fleire forsøk med nye oppsøking- og behandlingsmetodar. Staten har i vår opna ein ettervernsheim med poliklinikk i Oslo, som særleg er tenkt til narkoman ungdom.

Ved utgangen av 1968 var det i drift 596 daginstitusjonsavdelingar for barn i før-

skolealder. Det er ein auke på 46 avdelingar frå året før. Frå sommaren 1969 er det gjennom Husbanken etablert ein låneskipnad som vil lette den vidare utbygginga av daginstitusjonane.

Det er skipa ei ordning med statstilskott til kommunar som innfører landbruksvikarverksemd. Formålet er først og fremst å gje hjelp når brukaren er sjuk.

Skipnaden med statstilskott til hjelpeordningar for heimane er omlagd frå 1. januar og omfattar no òg tilskott til heimehjelp for eldre.

Utgiftene til kultorformål på stats- og kommunebudsjetta er om lag 5,1 milliardar kroner, eller 7 prosent av samla tilgang på varer og tenester til rådvelde.

I kyrkja er det no 1031 prestestillingar forutan feltprestane. Siste året er det gjeve løyve til å byggja 4 kyrkjer og kapell.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1969—70 er om lag 740 000.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 640 000. Om lag 375 kommunar er i gang med forsøk med 9-årig skole i 1969—70.

I spesialskolane var det i skoleåret 1968—69 i alt 3 029 elevar ved 70 skolar. Undervisning på ungdomssteget er i gang ved fleire av desse skolane. I år er det teke i bruk nye undervisningsbygg og nye elevheimar ved 3 skolar. Eit utval arbeider med framlegg til lovreglar for undervisning og pedagogiske tiltak for funksjonshemma born og ungdom.

I realskolen er det om lag 40 000 elevar; det er rekna med ein nedgang på ikring 6 000 elevar i samband med overgangen til 9-årig skole.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år om lag 15 000 eller 25 prosent av årskullet. I skoleåret 1969—70 vil det vere om lag 48 500 elevar i gymnas og handelsgymnas.

Elevtalet i folkehøgskolane er rundt 6 500. Om lag halvdelen av elevane tek del i vidaregåande kurs.

I lærarskolane er det no om lag 6 875 elevar. I tillegg kjem 1 500 elevar i faglærarskolane. I skoleåret 1968—69 vart det uteksaminert 2 400 nye lærarar og 750 nye faglærarar. 452 elevar har teke vidareutdanning opp til eitt skoleår.

Reising av nye undervisningsbygg for folkeskolen, spesialskolane og dei vidaregåande skolane held fram i høgt tempo. Om lag 700 000 m² skolebygg er no under arbeid.

Utbygginga av yrkesskolane for handverk og industri og for handel og kontorarbeid held fram etter dei oppdregne retningslinene. Elevtalet for desse skoleslaga aukar raskt. Verkstadskolane hadde i skoleåret 1968—69 om lag

19 000 elevar ved vanlege kurs forutan elevar ved stuttare deltidskurs. Yrkesskolane for handel og kontorarbeid hadde om lag 8 650 elevar.

Ved yrkesskolar for handel og kontorarbeid blir det i haust sett i gang prøveklassar i andre skoleåret med deling i 3 ulike liner: korrespondentline, rekneskapsline og ei line for marknadsføring.

Yrkesopplæringsrådet for handverk og industri førebur no dei nye normalplanane for verkstadskolane. Av nye fag blir det frå i haust sett i gang prøveklassar for industriell automasjon og for bygg og anlegg. Romsdal yrkesskole set i gang samleskole for heile landet med arbeidsleiarline for konfeksjonsindustrien. Hausten 1969 er det i gang 26 prøveklassar i det første året av den nye tekniske fagskolen, medan dei 15 prøveklassane frå førre året tek det andre og avsluttande året.

Opptaktskapasiteten ved dei tekniske skolarne er auka med om lag 90 elevplassar. Ei ny 2-årig studentline i EDB-teknikk er sett i gang ved Trondheim tekniske skole. Ved navigasjons- og maskinistkolane er det i gang forsøk med stuttare utdanningskurs for studentar med examen artium, og for søkjarar med teknisk skole.

Fleire kommunar og fylke er komne i gang med å leggje til rette vaksenopplæring i skoleverket i samsvar med dei oppdregne retningslinene. Til no er det gjeve tilskott til om lag 30 tiltak i ulike skoleslag.

Dei friviljuge opplysningsorganisasjonane får tilskott i samsvar med gjeldande tilskottsreglar, Studiearbeidet viser sterk auke.

Det er teke opp arbeid med å styrkje og utvikle den vaksenpedagogiske forskinga, og det er skipa vaksenpedagogisk dokumentasjonssteneste ved Norsk pedagogisk studiesamling ved Universitetsbiblioteket. Det er gjeve tilskott til ei rekkje pedagogiske kurs og konferansar i opplysningsorganisasjonane.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikken. Det blir år om anna halde om lag 550 kurs med om lag 6 500 deltakarar.

Studenttalet ved universitete og høgskolar er i haust om lag 26 000. Talet på norske studentar som blir utdanna i utlandet ligg på om lag 3 500.

Frå og med i haust er den såkalla Aker/Lørenskog-planen for utdanning av medisinarar som har byrja studiet i utlandet, gjennomført, og dermed er utdanningskapasiteten auka med 42 plassar.

Første byggjesteget ved Noregs idrettshøgskole er no ferdig.

Ved Noregs lærarhøgskole er utdanninga utvida til å gjelde hovudfagsstudium.

For dei nye universiteta i Trondheim og Tromsø er det oppnemnt interimsstyre, som er i gang med planleggingsarbeidet. Til å samordne arbeidet ved dei vitskapelege og faglege biblioteka er det skipa riksbiblioteksteneste.

Avgjerdsmakta til universitet og høgskolar og andre forskingsinstitusjonar er auka ved delegasjon av tilsetjingsrett.

Eit sentralt utval for distriktshøgskolar vart oppnemnt i mars 1969. I samsvar med stortingsvedtak i vår, vart tre distriktshøgskolar opna i haust. 150 studentar vart tekne opp, og planleggingsarbeidet er i gang for vidare utbygging.

Norsk filmråd er skipa til å fremje filmkunst. Det skal samstundes vere eit samarbeidsorgan mellom bransjen og staten.

Norsk Bygdekino A/S og Statens Filmsentral er slått saman til ein institusjon.

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting og kommunane har ein fått til ein ny og betre stønadsSKIPNAD for Filharmonisk Selskaps Orkester, «Harmonien» og Trondheim symfoniorkester.

Pr. 1. september hadde 1 146 425 løyst radiolisens og 775 472 fjernsynslisens. Fjernsynssendingar på Svalbard tok til den 14. september.

I år er det teke i bruk 16 nye samfunnshus, 5 idrettshallar, 34 symjeanlegg og ei rad utanørs idrettsanlegg av ymse slag som har fått stønad av tippemidlar.

Som resultat av endringa av tippelova og auka omsetnad fekk idrettsarbeidet 3,59 mill. kroner meir i 1969 enn i fjor.

Lova frå 1947 om Statens lånekasse for studerande ungdom er avløyst av ei ny lov om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning. Den tok til å gjelde frå 1. juli 1969.

Med verknad frå skoleåret 1969—70 er det gjennomført ein auke av bortebruarstipendet frå kr. 1 800 til kr. 2 000 pr. år, og ein auke av dei behovsprøvde stipenda for dei fleste utdanningsformene i yrkesskoleverket med sikte på stipendjamstelling med dei andre gruppene på same utdanningssteg.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Herre Konge, Deres Kongelige Høyhet!

Det 114. ordentlige Storting som i dag er åpnet av Deres Majestet, er det første etter nyvalg.

Mange tidligere representanter møter i det nye Storting, og deres innsikt og erfaring vil være av stor betydning for Stortingets arbeid. Det møter også 63 nye og til dels unge representanter, flere enn i noe Storting valgt etter

1945, og de møter med friske inntrykk og med vilje og krefter til å ta fatt på Stortingets arbeid.

Forholdene i verden er fortsatt preget av uro, usikkerhet og hurtige omskiftninger. De vil legge sterkt beslag på Stortingets oppmerksomhet. Arbeidet for å sikre fred og frihet og for å gjøre De forente nasjoner til et effektivt organ vil kreve også Stortingets stadige medvirkning og interesse.

I vårt eget land vil løsningen av de mange og store oppgaver innenfor alle samfunnets områder kreve omhyggelige overveininger og vurderinger og stille de største krav til den enkelte representants vilje til arbeid og samarbeid for at vårt felles ansvar for å løse oppgavene skal kunne oppfylles.

Stortingets gjerning er ansvarsfull, og selv om oppfatninger og standpunkter iblant kan avvike, er det samtlige representanters felles mål å skape fremgang og lykke for vårt folk.

I forvisningen om at hver enkelt representant vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange oppgaver som foreligger, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.

Møte fredag den 10. oktober kl. 10.

President: I n g v a l d s e n.

D a g s o r d e n (nr. 3):

1. Finansministerens redegjørelse for statsbudsjettet.
2. Referat.

Minnetale over tidligere stortingsrepresentanter Arne Rostad, Lars Sverre Gjørwad, Karl Johan Aarønes og Tidemann Flaata Evensen.

Presidenten: Ærede medrepresentanter!

Tidligere stortingsrepresentant, gårdbruker Arne R o s t a d døde den 21. juni, 75 år gammel. Han var født 4. mars 1894 i Verdal.

Etter endt landbruksutdannelse drev Rostad gårdene Lambertseter i Aker og Østby i Rakkestad. Senere kjøpte han storgården Mustad i Vardal som ble utgangspunktet for hans mangesidige aktivitet så vel i rikspolitikken som på det lokale plan. I 1926 overtok han slektsgården Trones i Verdal og drev også den.

Rostad var medlem av Vardal herredsstyre i 15 år. Ved siden av formannsvervet i Norges Bondelag i årene 1945–51 hadde han mange fremtredende tillitsverv innen næringsorganisasjoner, i bank- og forretningslivet.

Rostad var representant til Stortinget for Oppland fylke, valgt av Bondepartiet, fra 1945/46 til 49. På Stortinget var han medlem av og nestformann i kommunalkomiteen.

For sin samfunnsgagnlige innsats ble Rostad i 1964 utnevnt til Ridder av St. Olavs Orden.

Tidligere stortingsrepresentant, skogbrukslærer Lars Sverre G j ø r w a d, døde den 15. juli, 83 år gammel. Han var født 23. november 1885 i Kviteseid.

Etter endt landbruksutdannelse var han lærer og bestyrer av forskjellige skogskoler, til han i 1926 ble leder av skogbruksavdelingen ved Østfold landbruksskole. I årenes løp hadde Gjørwad en mengde tillitsverv både innen kommunalpolitikken, i skogbruksorganisasjonene og i Høyres organisasjoner i fylket.

Gjørwad var representant til Stortinget for Østfold fylke i perioden 1950–1953, valgt på felleliste av Bondepartiet, Høyre og Venstre, og i neste periode var han 1. varamann for samme fylke. På Stortinget var han medlem av samferdselskomiteen og skog-, vassdrags- og industrikomiteen.

Tidligere stortingsrepresentant, kontorsjef Karl Johan A a r ø n e s døde den 12. august, 69 år gammel. Han var født 8. mai 1900 i Bolsøy.

Etter mange års virke ved vegkontoret i Møre og Romsdal fylke ble Aarønes i 1948 ansatt som kontorsjef ved arbeidskontoret i samme fylke.

Han kom tidlig med i politisk arbeid og hadde betydelige tillitsverv innen Molde kommune som mangeårig medlem av bystyre og formannskap, likesom han deltok aktivt i ungdoms- og avholdsarbeidet.

Aarønes var vararepresentant til Stortinget for kjøpstedene i Møre og Romsdal fylke, valgt av Det norske Arbeiderparti, fra 1950 til 1953, og møtte som representant for statsråd Ul-